

Fra: Husebø, Gunnar Magne <gunnar-magne.husebo@gk.no>
Sendt: tirsdag 15. mars 2022 12:03
Til: Sara Sekkingstad; Øyvind H. Oddekalv; natalia.antonia.golis@vlfk.no; sflvpost@statsforvalteren.no; Jon Askeland; postmottak@mattilsynet.no; Postmottak Alver; ST Avisa
Kopi: jnordo@broadpark.no; Sigve Eldøy; Rune Nilsen; monica@strilen.no; Leif Johnsen; redaksjonen@nordhordland.no
Emne: Fwd: Eit stort ansvar.
Kategorier: Arkivert i Websak

Emne: Eit stort ansvar.

Kjære folkevalgte og bestemmande myndigheter.

Hei.

Husebø 13 mars 2022

Mitt navn er Gunnar Husebø.

Kva meiner eg med eit stort ansvar:

Som folkevalde og bestemmande myndighet har
de eit stort ansvar om å ivareta innbyggjarane og
naturen i landet vårt både lokalt og sentralt.

Eg bur nord på Holsenøy ved naturperla
Mangersfjorden.
Det vart for ei tid tilbakars i gamle Meland
kommune vedtatt ein delarealplan
Som åpner opp for to områder til såkalla kombinert
formål i Mangersfjorden.
Eit ved Skjelanger og eit ved Gjerdneset.
Ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur er føremåla
områda er avsett til.
Desse aktivitetene skal vere sidestilte står det i

planen.

Delarealplanen vart godkjend av Kommunal og moderniseringsdepartemanget sjølv om det kom inn merknader frå både statsforvaltaren og klima og miljødepartemanget.

Merknadene går i hovudsak på manglande konsekvensutgreiingar.

Det pågår ei sak om dette hjå sivilombodet i desse dagar.

Det er no kommen søknader til Alver kommune om å ta i bruk begge desse områda til oppdrett av laks og aure i opne merder . Anlegga som er omsøkte er på 3900 mbt og 3120 mbt. Dette er store anlegg.

Om desse søknadene vert godkjende så beslaglegg akvakultur heile områda.

Kva då med dei andre føremåla ferdsel,fiske og friluftsliv er dei sidestilte?

Me veit alle at fiskeoppdrett i åpne merder har enorme utslepp av fekalier, kobbar, medisiner og kjemikalier. Samt att det er stor luseproblematikk knytt til desse anlegga.

Mangersfjorden ligg i eit område som har rødt trafikklys angåande luseproblematikken.

Dersom desse to anlegga vert godkjende så vil det føra til att Mangersfjorden årleg får tilført utslepp i ca størrelsesorden:

Fekalier ca 3500 tonn.

Kobbar ca 3200 kg.

Eit ukjent antall kg medisiner og kjemikalier.

Desse utsleppa vil utan tvil påvirke økosystemet i Mangersfjorden.

Fiskeriministeren sa så fint i innledninga til presentasjonen av fiskehelserapporten 2021.

Sitat: «villaksen har og sine utfordringer. Eg vil derfor minne på att villaksen er trafikkonstabelen som avgjer kor og om havbruksnæringa kan vekse.» sitat slutt.

Vossolaksen er raudlista så han er vel ganske klar i sin uttale om kva han meinar om oppdrett i åpne merder. Sjøauren er og som kjend sterkt plaga av lakselus i fjordområda rundt Holsenøy.

For dei som har tatt seg tid til å vera til stades i

Grieghallen eller har sett presentasjonen av fiskehelserapporten 2021 på nett. Så er det sterkt kost med tanke på kva den fisken som faktisk overlever fram til slakting vert utsett for. Kan nevne eit utall av sjukdommar, avlusing i giftbad, avlusing i varmt vatn og stor sårproblematikk. Mykje av sjukdoms og sårproblematikken kan sjå ut til å ha samanheng med hyppig håndtering. Rensemisten sin velferd i merdane er heller ikkje noko å rope hurra for, dei er kort og godt dødsdømde.

Her er også problemstillingar med fleire andre raudlista artar i Mangersfjorden som lett kjem i konflikt med fiskeoppdretta. Kan då nemne storskav, toppskav og oter desse artene finn fort ut att det er enkelt å hente mat i og ved merdane. Desse matvanane kan ført føre til att dei vert sett på som skadedyr og det finst då mangen døme på at fellingsløyve vert utdelt. Det er også mangen andre artar som vil verte negativt påvirka av oppdrett i åpne merder. Til dømes gytande kysttorsk, gytande breiflabb, kveite, kamskjell og hummer som er i sterkt tilbakegang. Alle desse artane og mangen fleire er det myndighetene som har ansvar for å ta vare på. Er det mangel på kunnskap eller ein er i tvil, ja då bør ei følgje føre var prinsippet. Eg meinat det er på høg tid att bestemmande myndigheter tar tak i forureiningsproblematikken som følgjer med fiskeoppdrett i åpne anlegg og tar ansvar for livet på utsida av merdane og.

Når det gjeld dei menneskelege naboane til dei to omsøkte lokalitetane så har eg til gode å møta ein einaste ein som er positiv til å få fiskeoppdrett i fjorden. Rettighetshavarane til gamle not og låssetjingsplassar føler seg lurt dersom dei no vert avskårne frå dei gamle rettighetane sine utan att nokon har nevnt det før dei eingang, ein notis i norsk utlysingblad og ei par notisar i lokalavisene. Det var det rettighetane som har gje i arv i generasjonar er verd. Er det ein ansvarleg måte å gjera det på?

Mangersfjorden har i generasjonar vore bruk til fiske og ferdsel. Friluftsliv har komme til etterkvart som levestandarden har betra seg.

Eg håpar med dette att de som folkevalde og bestemmande myndigheiter viser att de er ansvarlege og seier nei til dei to omsøkte oppdrettsanlegga ved Skjelanger og Gjerdneset og framleis lar Mangersfjorden vere tilgjengelig for folk flest til fiske, ferdsel og friluftsliv.

Med venleg helsing.
Gunnar Husebø.

Sendt fra min iPad